

Årsrapport 2017



Innhald:

- Årsmelding frå styret [side 3]
- Avdelingar og anlegg [side 4-5]
- Formidling [side 6-7]
- Forsking [side 8]
- Forvaltning [side 9-10]
- Kommersielle aktivitetar [side 11]
- Organisasjon [side 12-14]
- Økonomi og administrasjon [side 15-17]
- Opne publikumsarrangement [side 18-19]
- Besøkstabell [side 20-21]
- Resultatrekneskap [side 24-31]
- Revisjonsberetning [side 32-34]

Jærmuseet
– møteplassen mellom
natur, kultur og teknologi
som forvaltar fortida –
fangar samtida – formar
framtida

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2017

OM JÆRMUSEET

Stiftinga Jærmuseet blei skipa i 1985 og er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Det er eit konsolidert museum med hovudkontor på Vitengarden, Nærbø i Hå kommune, og driv i dag ulike museumsanlegg i alle dei sju stiftarkommunane. I 2003 blei Jærmuseet eitt av seks regionale vitensenter utpeika av Kunnskapsdepartementet, i dag er Jærmuseet eitt av ti.

Publikum skal oppleva Jærmuseet som relevant, aktuelt og utfordrande.

Jærmuseet er ein vitenskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet er ein møteplass mellom natur, kultur og teknologi, og me inviterer publikum til å utforska kunnskap gjennom aktivitetar og opplevingar. Som vitensenter skal Jærmuseet særleg stimulera barn og unge si nysgjerrigheit, utforskartrøng og samfunnsengasjement og auka interessa for teknologi og naturvitskap. Den historiske og regionale forankringa som museum inneber at Jærmuseet formidlar naturvitskap og teknologi innanfor historiske og kulturelle rammeforteljingar der installasjonar og eksperiment blir knytt til regionen si historie og næringsliv.



Realfagsglede!

Som vitensenter skal Jærmuseet auka interessa for teknologi og naturvitskap. Desse elevane frå Bø skule tykte det var gildt med realfagsshow.

Foto: Jan Inge Haga / Jærmuseet



Knudaheio i vinterdrakt i desember.

Foto: Ørjan Zazzera Johansen / Jærmuseet



Tungenes Fyr er eit populært turmål for mange. Utsikten mot havet er spektakulær i allslags vør.

Foto: Jærmuseet

AVDELINGAR OG ANLEGG

Jærmuseet hadde ved utgangen av 2017 driftsansvaret for 62 kulturhistoriske bygningar, 47 591 gjenstandar og 188 990 foto. Det er ein tilvekst på 236 gjenstandar og 11 389 foto, og 9 hyllemeter privatarkiv.

Stiftinga Jærmuseet eig anlegget Vitengarden med Kviagarden og Audamotlandstunet og halmutå på Refsnes. I tillegg forvaltar museet ei rekkje bygningar og anlegg i kommunal eige.

Per 31.12.2017 hadde me driftsansvaret for desse avdelingane og anlegga:

- **Vitengarden**, Nærbø, med museumsgarden Kvia 4H-gard og den historiske garden Audamotland.
- **Vitenfabrikken**, Sandnes med Krossens havremølle, det historiske tunet Tranegården på Austrått, snikkarverkstaden på Vagle, fleire kvernhus og andre antikvariske bygningar i Sandnes kommune.

- **Science Circus** er Jærmuseet sitt ambulerande vitensenter som oppsøker skular i heile Rogaland.
- Vitengarden, Vitenfabrikken og Science Circus utgjer til saman det regionale vitensenteret for Sørvestlandet («Vitensenteret Sør-Vest»).
- **Hå bygdemuseum** med gjenstandssamling, Varden Sjøredningsmuseum, gardsanlegget Grødal og andre antikvariske bygningar i Hå kommune.
- **Gjesdal bygdemuseum** med samlingar, Limagarden bygdetun, Gjesdal Ljåfabrikk og andre antikvariske bygningar i Gjesdal kommune.
- **Klepp bygdemuseum** med samlingar og to antikvariske bygningar på Haugabakka i Klepp kommune.
- **Randaberg bygdemuseum** sine foto- og gjenstandssamlingar og Vistnestunet.

- **Tungenes fyr**, inkludert Sjøbruksmuseet i Tungevågen, Randaberg, som òg er ein del av Kystverkmusea /etatsmuseet for Kystverket.
- **Nasjonalt Garborgsenter** på Bryne, samlokalisert med Time bibliotek.
- Forfattarheimane **Garborgheimen** og **Knudaheio**.
- **Flyhistorisk Museum Sola**, med foto- og gjenstandssamling, lokalisert i Sømmevågen, Sola.
- **Rogaland Krigshistoriske Museum**, med foto- og gjenstandssamling, Soma/Sola kommune.

Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for Hå gamle prestegard til museumsstatistikken. HGP mottar årleg 1 mill. kroner frå staten gjennom Jærmuseet.

Museet legg vekt på å ha ei aktiv forvaltning av bygningar og anlegg i alle stiftarkommunane, og

vil styrka den lokale forankringa gjennom aktiv nettverksbygging til vertskommunar, lokalt og regionalt næringsliv, organisasjonar, skular og lokalbefolkninga.

Museet skal driva aktiv formidling ut frå det enkelte anlegg sine ressursar og særlege profil, og arbeida for å utvikla dei ulike lokalitetane sin unike karakter.

På Tranegården blei det innvendige restaureringsarbeidet i heimahuset starta opp i november.

Bygningen er opphavelig frå 1700-talet. Den blei freda i 1924, og har vore i kommunal eige sidan 1962.

Restaureringsprosjektet vil strekka seg over fleire år.

Foto: Ingeborg Skrudland / Jærmuseet




Grødal er eit av dei best bevarte museumsanlegga i Rogaland. Her eit bilete frå noko av interiøret.

Foto: Ingeborg Skrudland / Jærmuseet

«JÆRMUSEET FORMIDLAR KUNNSKAP GJENNOM OPPLEVING, DELTAKING OG UTFORSKING»

MakerSpace er som ein digital sløydsal. Tilbodet Vitenfabrikken har her kvar onsdag kveld for ungdommar frå 13 til 20 år har blitt veldig godt motteke.

Foto: Marie von Krogh / Jærmuseet



← Utstillinga «Smidd i tre» opna på Haugabakka i oktober.

Foto: Therese Espeland / Jærmuseet

→ På Garborgsenteret vart det arrangert bunadsdebatt i samband med utstillinga «Habitt/Profitt - Bunad i dag».

Foto: Jærmuseet



HOVUDRESULTAT I 2017

FORMIDLING

2017 har vore eit nytt, godt driftsår for Jærmuseet.

- For 11. år på rad kan me melda om ny besøksrekord – 215.451, mot 209.154 i 2016. Av dette var til 62.844 barn og unge i organiserte opplegg.
- Jærmuseet sitt omreisande vitensenter besøkte i 2017 heile 20 kommunar, 77 skular, 9 barnehagar og eit bibliotek over heile Rogaland! med tilsaman 12.420 besøkande. Av desse var det 11.373 barn og 1.047 vaksne.
- Samla besøk på vitensenteravdelingane var 151.542.
- DKS-opplegget Hipp hopp og Garborg turnerte også i 2017 ungdomsskular på Nord-Jæren. Omlag 1.600 elevar fekk oppleve førestillinga.
- Jærmuseet bidrar på sitt vis til «det grønne skiftet». I april opna utstillinga «Mykje lort og mykje varme» på Vitengarden, same dag som IVAR IKS opna eit av Norges største biogassanlegg på

- Grødaland. Dermed er Jærmuseet det einaste museet og vitensenteret, så langt me kjenner til, med eige demonstrasjonsanlegg for biogass!
- I mars kunne Vitenfabrikken i Sandnes opna den første byhistoriske utstillinga i dei nye lokala i Solavn. 10. Utstillinga «Alle gode ting er tre» formidla den rike og allsidige møbelindustrien som vaks fram i Sandnes på slutten av 1800-tallet, og utviklinga fram til 1970 åra.
 - I tillegg blei det vist to temporære utstillingar: «Art Avatar» av Pia Myrvold og «Prosjekt fantasi» - ei utstilling av 11 ulike oppfinningar av barn frå heile landet som blei utfordra til å løysa morgondagens energiutfordringar. I 2017 blei det besøksrekord på Vitenfabrikken med heile 76.177!
 - Jærmuseet produserte òg fleire eigne utstillingar i 2017: «Smidd i tre» på Haugabakka, «Småsporven» på Garborgsenteret og utstillinga «Frå varde til VTS» blei fornya og sett opp i uthuset på Tungenes fyr.

- Utstillinga «Kravlande kryp» på Vitengarden hausten 2017 var svært populær og bidrog til at besøksstalet der for første gong kom over 60.000 gjester!
- Vandretstillinga «Livredderen» - ei kunstnarisk tilnærming til sauens betydning i Norge, blei vist på Limagarden.
- Planlegginga av ny utstilling om 2. verdskrigen er godt i gang. Sola kommune har sett i stand den gamle torpedoverkstaden i Sømmevågen til utstillingsformål.
- Museet er arena for Regional finale i Unge Forskarar, Fordjupingsmeisterskap i norsk for vgs, Mattekonkurransse for vgs, Nysgjerringperdag og First Lego League. Gjennom vårt Makerspace har Jærmuseet utvikla eit særleg tilbod til gruppa 13-20 år med økonomisk støtte frå BUF-dir.
- Ferieklubbar på fire anlegg, i alt 10 veker med om lag 30 barn kvar veke.
- Jærmuseet har 13 opne publikumsanlegg, av desse er Vitenfabrikken, Vitengarden og Garborgsenteret heilårsopne. Me har eit godt samarbeid med frivillege, både enkeltpersonar, lag og organisasjonar som ofte hjelper til på ulike

- arrangement. I 2017 blei det skipa til heile 131 aktivitetsdagar og opne publikumsarrangement på museet sine ulike anlegg! Sjå eige oversyn.
- På den årlege dugnadsfesten deltok nærare 120 frivillege frå ulike avdelingar!
 - Jærmuseet legg vekt på å kvalitetssikra utstillingar og publikumstilbod. I 2017 er det gjennomført både systematisk observasjonar av koss publikum bruker utvalde installasjonar i utstillingar, og oppfølging av familieaktivitetar med spørjeundersøkingar i etterkant.
 - I perioden 2016-19 har Jærmuseet prosjektleiaransvaret for eit prosjekt om Science Capital. Vitenstyret har sett som eit strategisk mål i perioden at vitensentera skal bidra til å auka familiane si realfagsinteresse.
 - Tysdag 5. september var det fem år sidan Garborgsenteret vart offisielt opna. Femårsdagen til senteret vart feira både på dagtid og kveldstid, først med forfattarbesøk for 5. klassingane på Bryne og Rosseland skule, sidan med folke-musikalsk kåseri-konsert med Dag Bjørkedal og Jarle Obrestad, og festmiddag i Huldas ånd.



Årets unge bonde Ingve Berntsen opna utstillinga «Mykje lort og mykje varme» saman med fungerande statssekretær i landbruks- og matdepartementet, Terje Halleland.

Gjennom året har mange elevar vore innom på Vitengarden og prøvd å miksa den perfekte biogass-blandinga.

Foto: Therese Espeland / Jærmuseet



← Jærmuseet er særst glade for at så mange stiller opp på dugnad, både ved arrangement, opne dagar og i utstillingsarbeidet. Her er Johanna og Harry Breiland frå Ålgård orienteringsklubb under den årlege aktivitetsdagen i Knudheio.

Foto: Inger Undheim / Jærmuseet

→ Frå utstillinga «Alle gode ting er tre» - om møbelindustrien i Sandnes, på Vitenfabrikken.

Foto: Therese Espeland / Jærmuseet



Jærmuseet skal driva forskning og kunnskapsutvikling med vekt på samtid og nær fortid, og auka den faglege og vitenskaplege kompetansen i organisasjonen.

FORSKING

- Jærmuseet har dei siste åra arbeidd systematisk med å auka den faglege og vitenskaplege kompetansen i organisasjonen. I 2017 fekk endå ein medarbeidar godkjenning som «konservator NMF».
- Ein medarbeidar har i 2017 starta på doktorgradsprosjekt ved UiA. Dette er del av eit internasjonalt forskingsprosjekt om «Miljøgiftenes kulturhistorie 1850–2020». Vår medarbeidar vil studera «*Plantevernmiddel i jærsjk jordbruk – kunnskapsproduksjon, normdanningsprosessar og personlege erfaringar, 1930 til 2010*»
- JM har deltatt i Litteraturnettverket sitt treårige forskingsprosjekt om minnepolitikk. Artikkelsamlinga *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk* er ferdigstilt i 2017 og blir publisert 2018. JM sitt

bidrag: «Knudaheio som minnestad. Bruken av Arne Garborg si skrivestove på Jæren 1898–1975».

- Gjennom samarbeid med NTNU er det gjennomført eit forskingsprosjekt om læring i utstillingar, med biogassutstillinga som forskingsarena. Forskingsresultata blei publisert i masteroppgåva: «For- og etterarbeid i forbindelse med elevbesøk på vitensenter. Har det noe for seg?»
- Museet sine tilsette har i tillegg dokumentert ulike lokale og regionale tema som møbelindustrien i Sandnes, bunadsbruk i dag og splitcanestengene til fritidsfiske. Arbeidet er formidla gjennom utstillingar, film og artiklar i årboka Sjå Jæren.
- Hovudartikkelen i Sjå Jæren 2017 var historia om Science Circus – frå 1995 til i dag.

Jærmuseet skal leggja samlingane til rette slik at dei kan formidlast i dag og i morgon. Museet sine samlingar består av gjenstandar, arkivmateriale, intervju og anna minnemateriale, bygningar, kulturlandskap, hageanlegg og gamle husdyrrasar.

FORVALTNING

- Strategiplanen 2014 – 2020 har eit hovudfokus på samlingsforvaltning.
- I samband med rehabiliteringa av Solavn. 10 fekk Jærmuseet eit moderne arkivmagasin på 144m². I 2017 har ein flytta inn 21 teikningskap og 44,5 hyllemeter privatarkiv. Museet har fått ekstramidlar til vidare flytting i 2018.
- På statsbudsjettet for 2016 fekk Jærmuseet kr. 18,8 mill. statlege tiltaksmidlar for å bygga underjordisk magasin på Vitengarden. På grunn av dei mange arkeologiske kulturminna i området vart ikkje reguleringsplanarbeidet ferdig før i mars 2017. Gravearbeidet starta opp i august, og magasinet skal vera ferdig oktober 2018.
- På statsbudsjettet for 2017 fekk Jærmuseet nye 4 mill. i tiltaksmidlar til ulike vedlikehaldsprosjekt

på Vitengarden og Audamotland. Med dette kunne museet m.a. bygga opp att den gamle smia på Audamotland og gjera ferdig dei andre husa i tunet.

- Jærmuseet har dei siste åra lagt stor vekt på å sikra dei antikvariske bygningane mot innbrot og brann. Ved hjelp av statlege sikringsmidlar og tilskot frå UNI-Stiftelsen er det m.a. installert brannvarsling på seks nye anlegg, fornya innbrotsalarm på fire anlegg og installert sprinkling i eitt bygg; to til er under planlegging. Elles er det installert varmpumpe og renovert el-anlegg i fleire bygg.
- Årleg blir det utført mange mindre vedlikehaldsreparasjoner, vasking og maling. Alle bygg/anlegg /tekniske installasjonar har periodisk tilsyn og tilsyn etter ekstremvær.



← Forskningsformidling er viktig!
Drjan Zazzera Johansen frå Garborgsenteret deltok på forskar-standup under Forskningsdagane. Han snakka om minnepolitikk-prosjektet «Knudaheio som minnestad».

Foto: Fredrik Feyling

→ Flyplasstroppens M48 Patton på veg nedover Jæren ved Rege sommaren 1981. Sondre B. Hvam blei godkjent konservator NMF i 2017 og publiserte m.a. artikkelen «De lette stridsvognene på Jæren i skyggen av den kalde krigen».

Foto: Bruse Espedal, Rogaland Krigshistoriske Museum / Jærmuseet.



Arbeidet med det underjordiske magasinet starta opp i august. Her skal det meste av museet si landbrukssamling bli vist fram.

Foto: Therese Espeland / Jærmuseet

- På Tranegården blei det innvendige restaureringsarbeidet i heimahuset starta opp i november 2017 med eit møte mellom eigedomsavdelinga i Sandnes kommune, kulturvernkonsulent i fylkeskommunen, malerikonservator, arkitekt, byggmeisterfirma, malarmeisterfirma og Jærmuseet. Jærmuseet er prosjektleiar. Sandnes kommune har alt sett av 1,2 mill. til formålet. Prosjektet vil strekka seg over fleire år.
- Det nye toalettanlegget på Grødaland, kosta av Hå kommune, blei ferdig våren 2017.
- På Tungenes fyr er ein i gang med å betra universell utforming. Utandørsheisen er fjerna og bygging av rullestolrampe er sett i gang.
- Jærmuseet har arbeidsgjevaransvaret for Samlingsteam Rogaland som arbeider med registrering av samlingane til alle regionmusea i Rogaland og Norsk Oljemuseum. Frå 2017 finansierer Rogaland fylkeskommune ein ny prosjektperiode ut 2019. I 2017 handsama teamet 13.500 gjenstandar.

ANDRE PROSJEKT

- «Sola Sjø – nå og i framtiden». Hausten 2015 nedsette Sola kommune ei intern arbeidsgruppe supplert med ein representant frå Jærmuseet. Grappa skulle utarbeida ein rapport om moglegheiter og kostnader ved å utvikla Sømmevåg-området stegvis. Rapporten var ferdig sommeren 2016 og vedtatt politisk sommaren 2017. Alt før konsolideringa med musea i Sola utvikla Jærmuseet ein langsiktig visjon for området: «Frå Hafrsfjord til Jåttå- militærhistorie gjennom tusenår». Første steg på vegen er etablering av ny utstilling om 2. verdskrigen i Sømmevågen, tett ved utstillingane til Flyhistorisk Museum. I 2022 er det 1150-årsjubileum for slaget i Hafrsfjord, og Jærmuseet, saman med Sola kommune og andre aktørar, ser på moglegheiter for å markera jubileet.
- *Vitenvågen*: Planane for det maritime vitensenteret Vitenvågen på Tungenes har fått god omtale av Norsk Kulturråd, men dessverre ingen offentlege pengar. Skretting AS har gitt tilsegn om 3 mill. når prosjektet blir realisert. Bygget, teikna av arkitektfirmaet Rørbæk og Møller, har blitt nominert til internasjonal arkitekturpris.



På statsbudsjettet for 2017 fekk Jærmuseet 4 mill. i statlege tiltaksmidlar. Det gjorde det mellom anna mogleg å gjenreisa den gamle smia på Audamotland.

Foto: Odd-Geir Rosland / Jærmuseet



Statoil har vore ein viktig samarbeidspartnar for Jærmuseet i mange år.

Under opninga av utstillinga «Prosjekt Fantasi» var konsernsjef i Statoil, Eldar Sætre, til stades og fekk testa dei ulike stasjonane.

Ordførar i Sandnes, Stanley Wirak, fekk æra av å skyta ideane til barna inn i framtida med litt hjelp av pedagog Fredrik Motland Kirkemo.

Foto: Jan Inge Haga / Jærmuseet



Museet arbeider med å styrka grunnlaget for eigeninntekter og å leggja til rette for godt samarbeid med næringslivet.

KOMMERSIELLE AKTIVITETAR, GÅVER OG SPONSORINNTEKTER

- Jærmuseet har eit godt samarbeid med private verksemder i regionen. Museet held fram med å vera attraktive på sponsormarknaden, trass i stramare økonomiske tider.

Heile 9 bedrifter har i løpet av 2017 bidrege med prosjekt- eller driftsstøtte på tilsaman 7.316.709 kroner, mot 5.262.5002 i 2016. Desse er Statoil, Forus Næringspark, Øglænd Industrier, Eni Norge, Statnett, Exxon Mobil, SR-Bank, Uni-stiftelsen og NITO.

Jærmuseet har ein eigen etisk plattform som ligg ved alle sponsoravtalar.

- Delen av eigeninntekter for 2017 er på 26%. Dette omfattar, i tillegg til sals- og billettinntekter, sponsor- og prosjektmidlar med unntak av tiltaksmidlar samt offentlege midlar som er løyvde til investeringar knytt til bygg og anlegg.

Styret vil takka alle som med økonomiske tilskot og gåver, eller på andre måtar, har bidrege til å realisera Jærmuseet sine mål!

Arne Norheim (t.v.) har vore styreleiar for Jærmuseet sidan 2008. 24. februar 2017 gav han stafettspinnen vidare til Endre Skjørestad (t.h.).

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



ORGANISASJON

Per 31.12.2017 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:

Styret

Endre Skjørestad, styreleiar

Eli Ulveseter

Ingve Bertnsen

Frode Fjeldsbø

Jonas Skrettingland, nestleiar

Torbjørn Hovland

Kristine Enger

Stanley Wirak

Kari Vevatne

Staaale Grude Haaland

Helle Kristiansen

Gjertrud Marie Jensen

oppnemnd på fritt grunnlag

oppnemnd på fritt grunnlag

Rogaland fylkeskommune

Gjesdal kommune

Hå kommune

Klepp kommune

Randaberg kommune

Sandnes kommune

Sola kommune

Time kommune

tilsett

tilsett

Vara:

Torleiv Bilstad

Anne Woie

Ingvald Erga

Espen Aaserud Karlsen

Mons Skrettingland

Torunn Austdal Rasmussen

Gunhild Vårvik Tangeland

Annelin Tangen

Brigt Åge Høyland

Sigbjørn Stangeland

Odd-Kjetil Liland


Endre Skjørestad tok over som ny styreleiar etter Arne Norheim på styremøtet 24.februar. Samtidig blei Inglen Haugland avløyst av Eli Ulveseter.



Kjell Sele, tekniskar ved Vitenfabrikken, gjekk i november av med pensjon. Her er han i aksjon på den årlege stjernedagen for barnehagane.

Foto: Jærmuseet

Utførde årsverk fordelt på dei ulike avdelingane og anlegga i 2017



AVDELINGAR

AVDELINGAR	2015	%	2016	%	2017	%
Fellestjenester (inkl samling)	12,9	18 %	11,5	16 %	11,9	16 %
Vitengarden	17,9	25 %	18,8	27 %	19,8	26 %
Vitenfabrikken	23,7	34 %	26,2	37 %	28,7	37 %
Garborgsenteret	6,0	9 %	6,5	9 %	6,1	8 %
Tungenes fyr	2,0	3 %	1,9	3 %	1,9	2 %
Hå bygdemuseum	1,6	2 %	1,5	2 %	1,5	2 %
Gjesdal bygdemuseum	1,4	2 %	1,5	2 %	1,7	2 %
Klepp bygdemuseum	0,4	1 %	0,3	0 %	0,6	1 %
Randaberg bygdemuseum	1,4	2 %	1,0	1 %	1,3	2 %
Flyhistorisk og Krigshistorisk	2,0	3 %	1,9	3 %	1,7	2 %
Science Circus	1,0	1 %	1,4	2 %	1,7	2 %
(med fråverstimar)	70,3	100 %	72,6	103 %	77,0	100 %

Årsverk

Jærmuseet hadde i 2017 79,6 årsverk inkl. vertar, ekstrahjelp og Samlingsteam Rogaland. Eitt av desse årsverka er ei formidlarstilling på Vitengarden som er direkte løna av Hå kommune. I gjennomsnitt mottok 138 personar regelmessig løn frå Jærmuseet i løpet av året, medan det blei sendt ut i alt 244 løns- og trekkoppgåver. Gjennomsnittsalderen er 35,9 år for tilsette som er innmelde i pensjonsordninga til Jærmuseet, inkludert vertar. Alle tilsette nyttar eit elektronisk timeregistreringssystem som gir oversyn over kor ein har jobba og kva oppgåver ein har arbeidd med.

Likestilling

Jærmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette. Av dei 75 fast tilsette, vikarar og prosjektmedarbeidarar er 49 kvinner og 26 menn. I tillegg hadde me ein kvinneleg lærling i hage- og anleggsgartnerfaget første halvår. Omrekna til årsverk er det 40,5 årsverk kvinner og 24 årsverk menn. Direktør og to

avdelingsleiarar er kvinner, tre avdelingsleiarar er menn. Styret består av fem kvinner og sju menn, inkludert styreleiar.


Arbeidsmiljø og sjukefråver

Jærmuseet er IA-bedrift frå 2011. Me har hatt avtalar med NAV om arbeidspraksis i heile 2017 og har hatt tre personar i arbeidspraksis. Det er utført om lag 0,4 årsverk gjennom ordninga.

Samla sjukefråvær er 4,5 årsverk, dvs. 5,6 % . Langtidssjukemelding for tre tilsette utgjør 1,6 årsverk. Den eine var tilbake i arbeid frå juni 2017. I tillegg var det 2,1 årsverk i foreldrepermisjon.

Verksemda driv systematisk HMS-arbeid med særlege HMS-tema for kvar månad. Arbeids- og miljøutvalet består av fire representantar frå dei tilsette, inkludert hovudverneombod, og fire representantar frå leiinga, inkludert direktør. Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir

Fordeling av årsverk på arbeidsområde



Arbeidsoppgåver innan

Arbeidsoppgåver innan	2015	%	2016	%	2017	%
ADMINISTRASJON OG DAGLEG DRIFT	15,5	23,0 %	14,5	21,5 %	14,4	20,4 %
DRIFT AV BYGG OG KAFE	19,6	29,1 %	19,4	28,9 %	21,6	30,8 %
FORMIDLING	21,3	31,7 %	23	34,2 %	24,7	35,0 %
NYE UTSTILLINGAR	3,9	5,9 %	4,7	6,9 %	3,8	5,5 %
SAMLINGAR OG ANTIKVARISKE HUS	7,0	10,4 %	6,2	9,3 %	5,9	8,3 %
TOTALE ÅRSVERK	70,3	100 %	72,6	100 %	77,0	100 %



Therese Reime har vore lærling ved Vitengarden og fekk fagbrev som anleggsgartner.

Foto: Helene Østby Larsen / Jærmuseet

←Når ei av avdelingane heiter Science Circus, må dei tilsette her prøva å leva opp til avdelingsnamnet. Det klarte dei då dei arrangerte Luciatog 13. desember.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

Vitengarden har dei siste åra utvikla konseptet «Tråd på pinne», ein dag med ulike kurs, servering og inspirasjon. Tråd på pinne er eit kommersielt arrangement, med god deltaking.

Foto: Therese Espeland / Jærmuseet



ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

I 2016 opplevde Jærmuseet for første gong på lang tid ein stagnasjon i egne inntekter. Det er gildt å sjå at me har klart å snu denne trenden i 2017, og kan visa til auke på fleire område. Kafe/butikk har ein marginal auke på 2%, medan billettinntektene har auka med heile 12%! Dette skuldast i hovudsak opning av nye faste og mellombels utstillingar på Vitengarden og Vitenfabrikken. Sjølv om bedriftsmarknaden er langt frå friskmeldt, kan me visa til ein auke i inntekter knytt til arrangement og utleige på nesten 9%.

Dei totale kostnadene er ned 2% som i hovudsak skuldast at me i 2016 hadde noko meir aktivitet på

bygg og anlegg knytt til tiltaksmidlar. Samstundes har me hatt litt mindre utstillingskostnader, men me ventar ein auke i 2018 då Abelloftet på Vitenfabrikken skal opna. Personalkostnadane har auka med 6%, noko som i stor grad skuldast to mellombels prosjektfinansierte stillingar. Auke i timeløna personale skuldast dels opning av byggetrinn 2 Vitenfabrikken, og dels at me opna fleire større utstillingar på både Vitengarden og Vitenfabrikken i 2017.

Jærmuseet nyt framleis godt av ein felles bankavtale med Hå kommune. Samtidig ser me at låge renter dei siste åra gjer at me i den neste avtalperioden må justera ned dei budsjetterte finansinntektene.

i hovudsak vurdert som godt, noko som blir stadfesta i årlege arbeidsmiljøundersøkingar gjennomført i regi av AMU.

Museet har skriftlege retningsliner for konflikthandtering og varsling av kritikkverdige forhold.

Ytre miljø

Drifta av Jærmuseet ureinar ikkje det ytre miljøet.

Lov om diskriminering og tilgjenge

Alle nye tiltak/planar blir vurdert ut frå prinsippet om universell utforming. Mange av dei antikvariske bygga og eldre publikumsbygg krev betydelege investeringsmidlar dersom desse skal fylla krava om universell utforming. Museet sine heimesider følgjer Difi sine retningsliner for universell utforming. Følgjekort blir akseptert på alle avdelingane.

Planar vedtatt av styret

Plan	Periode	Vedtatt av styret
Revidert strategiplan	2014 – 2020	2017
Bevaringsplan	2017 – 2010	2017
Marknadsplan	2017 – 2019	2017
Sikringsplan	2015 – 2019	2017
Formidlingsplan	2016 – 2018	2016
Formidlingsplan for barn og unge	2017 – 2019	2016
Forskningsplan	2015 – 2017	2015
Innsamlingsplan	2017 – 2019	2016



Sandnes Sparebank gav heile 600.000 kr til utstillinga «Pia Myrvold Art Avatar». Gåva vart overlevert av ass. direktør Norman Oftedal. Her fotografert saman med Pia Myrvold og avdelingsdirektør ved Vitenfabrikken, John Arne Frafjord.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

Leiinga i Jærmuseet vurderer den finansielle risikoen som svært låg på nåverande tidspunkt. Me har ei god og stabil kontantbeholdning som er plassert i bank med tilhøyrande låg risiko, og ein solid eigenkapital. Jærmuseet har låg gjeldsgrad og overheld dei løpande pliktene. Me har ei framtidig utfordring med tanke på pensjonsmassen, der ein reform av dagens løysing er nødvendig. Med aktivert pensjonsbeholdning i balansen og god eigenkapital er Jærmuseet likevel betre rusta enn mange andre liknande institusjonar. Samstundes har me utarbeidd ein prognose som viser at museet under realistiske føresetningar vil oppleva stramare tider i eit 4-5 årsperspektiv. Samla lønskostnader i høve til totalt driftsbudsjett er i dag så pass høge at det er nødvendig å tenka nytt med tanke på effektivisering og ressursutnytting i organisasjonen. I 2017 starta bygginga av underjordisk magasin på Kvia. Bygget er i hovudsak finansert av statlege tiltaksmidlar, men Jærmuseet skal bidra med eigne midlar som vart avsett etter førre års rekneskap. Det er per dags dato ikkje noko som tyder på vesentlege kostnadsoverskridingar i prosjektet.

Administrative system

Museet har oppdaterte og profesjonelle administrative system og nyttar elektronisk post og arkiv så langt det let seg gjera. Dette gjeld

elektronisk nyheitsbrev, brukarundersøkingar, inngåande og utgåande faktura, timeregistrering, ordrestadfestingar og anna.

Framleis drift

Årsrekneskapen for 2017 er sett opp under føresetnad om framleis drift. Solid økonomi og sunn drift gjer at me framleis har eit godt handlingsrom, men fleire år med manglande kompensasjon for pris- og lønsvekst i offentlege tilskot svekkar på sikt finansieringsgrunnlaget. Museet vil likevel førebu og tilpassa organisasjonen til endra rammevilkår. Det blir med dette stadfesta at institusjonen har føresetnader for å driva vidare.

Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering

Styret meiner at framlagd rekneskap og balanse med notar viser verksemda sitt resultat for 2017 og økonomisk stilling ved årsskiftet. Det har ikkje oppstått forhold etter rekneskapsårets slutt som har innverknad på vurderinga av rekneskapen.

Rekneskapen viser eit årsresultat på 2.246.109. Av dette er 2.000.000 sett av til magasin og kontorbygg, og 246.109 til fri eigenkapital.



← Om sommaren vert det arrangert ulike aktivitetsveker på Limgarden, Grødaland, Vistnestunet og Vitengarden. Her driv ungane på Vitengarden og utforskar koss grisen ser ut inni.

Foto: Tormod Aass Nesheim / Jærmuseet


--> Samarbeid er viktig for å løysa nokre av utstillingane Science Circus reisar rundt med!

Foto: Jan Inge Haga / Jærmuseet



Fordeling av inntekter 2017

Sponsormidlar og prosjektmidlar gjeld berre brukte midlar i 2017. For mottekne midlar i 2017, sjå årsrekneskapen note 3.



Nærbø, 21.februar 2018

Endre Skjørestad
Styreleiar

Ingve Berntsen

Kristine Enger

Frode Fjeldsbø

Staae Grude Haaland

Torbjørn Hovland

Gjertrud Marie Jensen

Helle Kristiansen

Jonas Skrettingland

Eli Ulveseter

Kari Vevatne

Stanley Wirak

Målfrid Snørteland
Direktør

OPNE PUBLIKUMSARRANGEMENT 2017

- i regi av Jærmuseet

Vitenfabrikken

27.02 – 5.03	Vinterferieaktiviteter	14.08	Utstillingsopning: Prosjekt Fantasi
1.03	Internasjonal filmkveld i Planetariet	1.10	Forskingsdagene: open dag
8.03	Foredrag: Møbelhistorien til Sandnes	8. – 15.10	Haustferieaktiviteter
19.03	Aktivitetsdag: Mattemoro	21.10	Markering av FN-dagen
22.03	Amnesty-kveld: Barn og unge på flukt	22.10	Aktivitetsdag: Mølledag
24.03	Utstillingsopning: Alle gode ting er tre	29.10	Markering av internasjonal svigermor dag
	Påskeferieaktiviteter: Møbelsnekkerens verktøy	5.11	Aktivitetsdag: Hjernens arkitektur med forestilling
27.04	Utstillingsopning: Pia Myrvold Art Avatar	8.11	Foredrag Schizofrenidagene
7.05	Kurs: Lær koding med Anna og Elsa	11.11	Regional finale i First Lego League
9.06 – 10.06	Skolesjakkturnering, Norway Chess	Desember	Juleverkstad dei tre første helgene i advent
Juni/juli	Sommarprogram		

Vitengarden

27.02 – 5.03	Vinterferieaktivitetar med tema Kokkar i friluft	Juli	Bondekona på garden
25.03	Kurs: Tråd på pinnen	10.09	Aktivitetsdag: Husflidsdag
6.04	Utstillingsopning: Mykje lort og mykje varme (Biogass)	17.09	Utstillingsopning: Kravlande kryp
9.04	Aktivitetsdag: Eggande aktivitetsdag	24.09	Aktivitetsdag: Smak av haust
23.04	Aktivitetsdag: 4H- og skogdag	8.10	Vitendag på Statoil
14.05	Aktivitetsdag: Fugledag	8. – 15.10	Haustferieaktivitetar med kravlande kryp
28.05	Aktivitetsdag: Sykkeldag i Hå	11.11	Kurs: Tråd på pinne
11.06	Aktivitetsdag: Bie- og sommarfuglar	3.12	Aktivitetsdag: Jul i gamle dagar

Tungenes fyr

9.02	Torsdag på Tungenes: Marte Wulff + Bård og Børre band	3.09	Motordag på Tungenes, v/Tungenes motorgruppe
20.04	Torsdag på Tungenes: Steve Gunn	15.09	Markering: 20-års jubileum for Norsk fyrhistorisk forening og prismottaking av EU sin kulturminnepris
23.04	Krigshistorisk vandring	21.09	Torsdag på Tungenes: Buicken
27.04	Torsdag på Tungenes: Silje Sola	5.10	Torsdag på Tungenes: Lady Hardanger
11.05	Maijazz: Konsert med Anders Jormin, Lena Willemark og Karin Nagakawa	26.10	Torsdag på Tungenes: Torgeir Waldemar
28.05	Nyttevekster rundt Tungenes fyr	16.11	Torsdag på Tungenes: Tommy Tokyo
8.06	Torsdag på Tungenes: Elin Furubotn	7.12	Torsdag på Tungenes: Tore Renberg
18.06	The travelling drawing club		

Haugabakka

15.10	Utstillingsopning: Spikk		
-------	--------------------------	--	--

Garborgsenteret

7.01	Litterær lunsj: Kva er ein jærkrim? med Ørjan Johansen og Svein Hestvåg	1.07	Rangling for småsporvar
17.01	Debatt: Bokmål vs nynorsk	9.08	Sommarslam! på Thime station
25.01	Garborgdagar 2017: SLAM! på Thime Station	10. – 12.08	Småsporven: barnas dagar på M44
27.01	Garborgdagar 2017: Ta ein trall	5.09	Dag Bjørkedal og Leif Obrestad: Arne, Hulda og folkemusikken
